



# AURLAND KOMMUNE

Årsmelding  
2012



## Årsmelding 2012 – Aurland kommune

### Innhald:

Innleiing	s. 3
Overordna grafar med kommentarar	s. 4 - 8
100 Politiske organ	s. 9
110 Støttefunksjonane og kultur	s. 10 - 12
210 ABU og vaksenopplæringa	s. 13 – 15
220 Kommunale barnehagar	s. 16 – 17
230 Flåm skule	s. 18 – 19
300 Helse og førebygging	s. 20 – 22
301 NAV	s. 23 – 24
302 Barnevern	s. 25 – 26
310 Pleie, rehabilitering og omsorg	s. 27 – 31
500 Kommunal driftseining (inkl. brann)	s. 32 – 34
900 Nøytrale inntekter og utgifter	s. 35

## INNLEIING

Med dette vert årsmelding for 2012 lagt fram til politisk handsaming frå administrasjonen si side.

Aurland Kommune har klart å oppretthalde det same gode tenestetilbodet i 2012. Pr 31.12 2012 var folketalet 1 714, som er ein auke på 2 frå 31.12.2011.

Økonomisk sett har 2012 gjeve eit netto driftsresultat på kr 10,5 millionar. Regulert budsjett var på 13 mill, medan 2011 ga eit netto driftsresultat på 20,2 millionar.

Aurland Kommune hadde totalt 201 årsverk i 2012. Dette er det same som i 2011. Ein del av desse årsverka vert refunderte frå andre (t.d. Lærdal kommune, Hamnevesenet og verdsarven). Årsverka fordeler seg med 151 kvinner (75,1 %) og 50 menn (24,9 %). Som ein ser ut frå tala, er det langt frå den ideelle fordelinga med tanke på likestilling, og ikkje uventa er det dei "kvinnebaserte" yrka som pleie og omsorg og barnehagar som gjer at kvinneprosenten er så stor. Gjennom utlysingar av stillingar blir menn oppfordra til å søke på desse områda, men det er vanskeleg å få til ei jamn fordeling av kjønna, noko som vel er gjennomgåande i landet elles og. Det er også gjort tiltak for å rekruttere fleire gjennom lønspolitikk, blant anna i barnehagane.

Sjukefråveret i kommunen var i 2012 på 5,2 % (5,3 % i 2011). Sjukefråveret fordeler seg med 5,7 % blant kvinner og 3,7 % blant menn.

Tenesteleiarane har skrive kommentarar til sine ansvarsområde med fokus på økonomi, brukarar og personalressursar. Det er også laga til ein del grafar ut frå kostratal, der vi har samanlikna med tidlegare år samt med dei andre kommunane i regionen.

Sjølv om Aurland kommune samanlikna med mange andre har ein relativt god og sunn økonomi med høge kraftinntekter, har vi siste året fått mange utfordringar som har medført anstrengt likviditet. Dette gjeld mellom anna stor auke i ressurskrevande brukarar der eigendelen har auka, samt at refusjonar frå staten ikkje kjem før over eit år etterpå. Utviklinga i pensjonskostnader og forskottert bruk av konsesjonsavgiftsfondet er også med på å påverke likviditeten. Kommunen har siste året opplevd konkursar og permitteringar som har medført reduserte skatteinntekter og auka sosialutbetalingar frå NAV. Alle desse momenta gjer at ein må ha fokus på både driftskostnader og investeringskostnader, noko som også er nedfelt i økonomiplanane dei neste åra.

Når det gjeld overordna kommentarar elles, viser vi til grafar på side 4 – 8.


Alle kostragrafar er henta frå Statistisk Sentralbyrå sine innrapporterte tal for 2012.

Aurland 15. mars 2013


Steinar Søggaard

Rådmann


## Innbyggjartal Aurland kommune 2003 - 2012




## Årsverk Aurland kommune 2000 - 2012




Dette er dei som er direkte løna av kommunen. Nokre av desse blir refunderte (Hamnevesen, Verdsarv, kommunesamarbeid) – samtidig "kjøper" vi tenester frå nabokommunar som ikkje er medrekna her.




Sjukefråveret har vore stabilt lågt dei siste 6 åra og har heile tida vore mellom dei beste i fylket.




Utfordringar med forskotteringar nemnt i innleiinga, samt å vere budd på uføresette hendingar, gjer at vi bør ha eit disposisjonsfond på minst 20 millionar.



Konsesjonsavgiftsfondet er i praksis tomt 31.12.12 på grunn av vedtak som enno ikkje er effektuerte.




Det er vedteke i økonomiplanen at ein ikkje skal auke lånegjelda dei næraste åra med tanke på å auke handlingsrommet, samt at ein er sårbar for renteauke med stor lånegjeld.



Premieavviket er differansen mellom det vi betaler til KLP og Statens Pensjonskasse og det som blir ført som kostnad i rekneskaperen. Det var i 2012 eit avvik på over 5 millionar på dette, og samla er dette no kome opp i 13,1 millionar for Aurland. Dette er i praksis ei "kunstig" gjeld som vil måtte utgiftsførast framover i tid.



Samla var kostnadane på nesten 24 millionar i 2012, og vi får refundert ca halvparten frå Staten. Refusjonen blir først utbetalt sommaren 2013, men er inntektsført som utestående i rekneskaperen for 2012.



Dei største investeringane siste åra har vore innan skule (Aurland Barne og ungdomsskule) og idrett (fleirbrukshallen)



**Ansvar 100 Politiske organ**

	<b>Regnskap</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Regnskap</b>
	2012	2012	2011
Ansvar: 100 POLITISKE ORGAN			
10010 KOMM.ST./F.SKAP	1.643.400	1.928.517	2.036.031
10014 EIGEDOMSSTYRET	73.754	77.390	54.942
10015 VAL - POLITISKE PARTI	75.683	70.000	227.489
10016 UTVAL FOR PLAN OG UTVIKLING	131.317	154.105	129.221
10017 UTVAL FOR OMSORG, OPPVEKST OG KULTUR	82.300	76.897	60.183
10018 BRANNSTYRE	4.148	0	3.982
10019 ADMINISTRASJONSUTVAL	29.696	79.942	0
10020 AMU	0	0	10.865
10022 TAKST/OVERTAKSTNEMND EIGEDOMSSKATT	4.270	7.304	4.061
10025 KONTROLLUTVAL	48.074	71.455	37.005
18011 ELDRERÅDET	27.590	25.413	10.426
18014 OVERFORMYNDERIET	34.189	51.173	44.131
18015 RÅD FOR FUNKSJONSHEMMA	7.410	12.804	2.481
37710 GALLERI WINJUM	3.318	0	0
Sum ansvar: 100 POLITISKE ORGAN	2.165.149	2.555.000	2.620.816
<b>TOTALT</b>	<b>2.165.149</b>	<b>2.555.000</b>	<b>2.620.816</b>

Det er i tråd med budsjett brukt kr 200.000 av disposisjonsfondet til finansiering av møtekostnader på ansvar 100. Det vart i 2012 innført politikarportal for kommunestyret. Dette medfører at det meste av saksførebuing og innkalling skjer elektronisk. Alle i kommunestyret har fått datautstyr til dette føremålet.

Ei oversikt over møteverksemda syner stor auke i aktivitet i 2012.

	<b>2012</b>		<b>2011</b>		<b>2010</b>	
	Møte	Saker	Møte	Saker	Møte	Saker
Kommunestyret	9	161	9	134	7	90
Formannskapet	20	101	15	74	12	83
Administrasjonsutvalet	10	28	6	20	6	26
Fondstyret	9	28	10	36	9	38
Kommuneplannemnda	8	23	3	5	3	4
Kommunalt klageorgan	1	1	3	3	2	2
Omsorg, oppvekst og kultur	12	78	6	39	6	31
Drifts- og eigdomsutvalet	8	30	6	27	6	25
Plan og utvikling	10	84	8	81	8	82
Brannstyret					3	10
Sum	87	534	66	419	62	391

## Ansvar 110 Støttefunksjonane og kultur

### Rådmannsfunksjonane

- **Innleiing**
- Ansvarsområdet omfattar desse funksjonane : Støttefunksjonar (økonomi, IKT, personal, lønn, sentralarkiv og kommunetorg), folkehelse, fritidsklubb, musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturadministrasjon, landbruk og rådmannsfunksjonen.
- **Plan for eininga**

Innanfor støttefunksjonane har effektivisering gjennom utnytting av IKT-verktøy hatt fokus i 2012. Elektronisk reiserekning er innført for delar av dei tilsette i kommunen, og ein stadig større del av fakturabehandlinga i kommunen er papirlaust. Vi blir stadig betre på å utnytte mogelegheitene i sak-arkivsystemet. Sakshandsamarar har mellom anna fått opplæring slik at dei sjølve kan importere e-postar. Betre utnytting av tilgjengeleg IKT vil ha fokus i 2013 også. Vi jobbar kontinuerleg med systemutvikling og kompetanseheving i organisasjonen.

Plan for utarbeiding av elektronisk arkivplan er ikkje gjennomført i 2012. Når det gjeld avlevering av eldre papirarkiv, ventar vi på at fylkesarkivet skal ha kapasitet til å ta i mot arkivmateriale frå oss. Sentralarkivet i Aurland har vore delvis elektronisk frå 1999 og fullelektronisk for arkivdel: Saksarkiv frå 2005, landbruk frå 2007, personal frå 2009 og gards- og bruksnummer frå 2010.

- **Drift av eininga**

Støttefunksjonane har eit stort behov for å gjennomføre internopplæring for tilsette i heile organisasjonen. Dette gjeld særleg innanfor bruk av IKT-verktøy. Det er gjennomført fleire frukostkurs i løpet av året. Korte opplæringsøktar på morgonen der tilsette får gjennomgang av eit aktuelt tema. Bruk av Outlook, budsjettoppfølging, elektronisk reiserekning har vore tema på desse øktene.

Det blir arbeidd kontinuerleg med å ivareta informasjonsplikta til kommunen. Informasjon om politiske møte, planarbeid og nyheitsmeldingar tenesteeiningane blir publisert på heimesida og i andre relevante media.

I planstrategien som kommunestyret vedtok i møtet 15.11.12, er førebygging eit prioritert tema og tiltak for perioden 2012-2015. Det blir allereie jobba mykje godt med førebygging på alle område i kommunen, men arbeidet med å sette førebygging og folkehelsearbeid i system i tråd med ny folkehelselov må ha høg prioritet framover.

Økonomikontoret har framleis eit samarbeid med Lærdal kommune. Det betyr at det meste av arbeid innan lønn og økonomi for begge kommunar blir gjort i Aurland med felles økonomileiar. Samarbeidet vart formalisert i 2009 og fungerer godt. Lærdal kommune refunderer halvparten av lønnskostnadane for 4,55 årsverk. I tillegg blir rekneskaper for kyrkjeleg fellestråd for begge kommunar ført av økonomikontoret med refusjon frå fellestråda. Refusjonen dekkar noko av lønnskostnadane på eininga.

- **Personale/tilsette**

Det registrerte sjukefråveret ved eininga er 6 pst. i 2012. Dette er noko høgt, og kan i stor grad forklarast med ei langtidssjukmelding. Det eigenmelde fråveret er svært lågt.

Det er 30 tilsette, fordelt på 21,6 årsverk ved eininga. Det er 17 kvinner og 12 menn. 1 mann og 9 kvinner har deltidsstilling. Nokre tilsette har fleire deltidsstillingar i kommunen, andre mellombels redusert arbeidstid. Gjennomsnittsalderen på eininga er 50 år.

Talet på årsverk er redusert med 0,2 årsvek sidan 2012. Reduksjonen er gjort innanfor bibliotek. Ei stilling innanfor kultur har vore vakant på grunn av sjukefråvær i 2012.

- **Økonomi**

	<b>RekneskapBuds(end)Regnskap</b>			<b>Avvik(per.)</b>
	<b>2012</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>	<b>0</b>
110 RÅDMANNSFUNKSJON	13.062.841	13.594.913	13.156.388	-532.072

Rekneskapan er gjort opp med eit positivt avvik på vel 500.000. Dette skuldast i hovudsak refusjon av sjukepengar frå Nav. Det har og vore spart noko lønnsmidlar, ved at det ikkje er tilsett vikar ved redusert arbeidstid innanfor støttefunksjonane.

- **Kultur**

**A. 12018 Kulturadministrasjon**

a. Stillingar

- i. Kulturfagleg ansvar 40 %
- ii. Kulturrådgevar i 100 % (lokalhistorisk)
- iii. Kulturmedarbeidar i 100 %

b. Utvikling

- i. Vidare arbeid med plan for skulane sin bruk av E-CO Energi si utstilling.

c. Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet

- i. Trimrommet, skytehallen (2012/ 2013) og restutbetaling for Aurlandshallen (3.5 mill) i 2012.

**B. 23110 Arbeid med barn og ungdom**

- a. Klubbleiar i 50 % stilling
- b. 23110 omfattar *Aurland fritidsklubb, Ungdomens kulturmønstring og Nattevandring.*
- c. Tal på brukarar om lag uendra i høve året før.
- d. Etablering av ungdomsråd med godkjende vedtekter.

**C. 37010 Kunnskapstunet (Aurland folkebibliotek og Infohagen)**

a. Stillingar:

- i. Biblioteksjef 50%
- ii. Leiing Kunnskapstunet 10 %
- iii. Bibliotekmedarbeidarar 110 %

- b. Aktiviteter: Utlån av bøker (4,6 pr. innbyggjar- landssnitt: 3,3). Foredrag, konsertar, tilbod på kurs (Excel, Word, GIS, ACOS, Adobe Photoshop), videokonferansar, filmframvisning, support data, temautstillingar.

**D. 38310 Aurland musikk- og kulturskule**

- a. Tilsette: 370 % stilling
- b. To stillingar delte mellom Aurland og Lærdal kommune. Aktiviteten i 2012 er om lag uendra frå året før.
- c. I tillegg til ordinær undervisning, har kulturskulen i 2012 gjennomført samarbeidsprosjekt. Prosjekta er ei vidareføring av samarbeidet mellom kulturskulen, grunnskulen og det frivillige kulturlivet i tråd med St.meld. 38 og 39 vedk. kulturskulen si rolle som "motor" og kompetansesenter for alle aktiviteter innan kunst og kultur i kommunen.

**E. 38510 Generelle kulturtiltak (Kulturmidlane)**

- a. kr 70 000 i driftstilskot til Trudvang kino utan søknad.
- b. kr 330 000 fordelte av OOK etter søknadsrunde.

**F. Nynorske litteraturdagar**

- a. Festivalen vart gjennomført for 7. gongen i 2012. I tillegg arrangerte Nynorske litteraturdagar konsert med Staut 6. juli. I overkant av 500 fekk oppleve ein flott konsert på ein fantastisk konsertarena (festplassen på SJH)
- b. Rekneskapen syner eit lite overskot i høve budsjettet
- c. Publikumsauke på festivalen i høve førre år

**- Felles Landbrukskontor ÅLA**

Kontoret har ansvar for landbruksforvaltninga i Årdal, Lærdal og Aurland etter inngått avtale om interkommunalt samarbeid.

Med landbruksforvaltning er her meint forvaltning og handtering av spørsmål knytt til fylgjande lover med forskrifter: **konsesjonslova, jordlova, skogbrukslova, viltlova, hundelova, forureiningslova, lov om forpaking, motorferdslelova, naturmangfaldlova, lov om ymse beitespørsmål.**

I tillegg kjem saker som gjeld landbruksfaglege spørsmål for fylgjande lover med forskrifter: **vassressurslova, plan- og bygningslova, lakse- og innlandsfiskelova og odelslova.**

Kontoret har ansvar for statlege og lokale tilskotsordningar. Dette arbeidet er omfattande, viktig og tidkrevjande.

Kontoret er og med i utarbeiding av ulike planar og kjem med landbruksfaglege innspel til planar og andre dokument som kommunane har til uttale. Mykje av detta er omfattande og tidkrevjande arbeid.

Kontoret har no ei tilfredsstillande bemanning for å løysa arbeidsoppgåver som kontoret har ansvar for.

Det er utarbeida eiga årsmelding for Felles Landbrukskontor ÅLA. Den er å finne på heimesida til Lærdal kommune.

# Årsmelding 2012 - ABU og vaksenopplæringa

## Innleiing

Ansvar 210 omfattar desse tenestene(funksjonane):

- 20210 ABU-grunnskule
- 21310 Vaksenopplæringa
- 21510 ABU-sfo
- 22210 Skuleskyss ABU

ABU-grunnskule er den dominerande tenesta med 94 % av budsjettet.

## Plan for eininga

Grunnskuleopplæringa og vaksenopplæringa vert gjeven med grunnlag i Opplæringslova med forskrifter og læreplan. Skulefritidsordninga (sfo) vert driven i samsvar med "Vedtekter for SFO – Aurland kommune".

Det 2-årige prosjektet "Miljøterapeut ved ABU" nærmar seg slutten, og skal evaluerast våren 2013.

Renoveringa av ABU er fullført, og dei fysiske rammevilkåra for både elevar og personale er no svært gode. No står opprustning av uteområdet for tur. Planlegginga er godt i gang.

## Drifta av eininga

Dagleg drift har i det store og heile gått greitt. Eit energisk og pliktoppfyllande personale har løyst dei utfordringane som har oppstått på ein konstruktiv måte. I grunnskulen har den stegvise innføringa av valfag vore ei utfordring. Innføring av faget fører til at skuleveka for ungdomsskulen må utvidast. På grunn av skuleskyssen får dette konsekvensar for heile skulen, og ny organisering av skuleveka vert innført frå komande skuleår.

Dei faglege resultatata i grunnskulen går fram av "Utviklingsmelding for grunnskulen 2011/2012", jf K-sak 009/13. Dei viser for det meste resultat i overkant eller på line med nasjonalt gjennomsnitt.

I oktober vart det starta opp norskkurs for framandspråklege vaksne. Det var plass til 11 deltakarar på kurset. I tillegg står 5-6 personar på venteliste. Deltakaravgifta er på 7 000 kr pr skuleår for dei som ikkje har rett og plikt til norskopplæring. Truleg vert kurset vidareført til hausten.

Det vert gjeve spesialpedagogisk hjelp (logoped og synspedagog) til vaksne etter tilråding frå Pedagogisk-Psykologisk Teneste.

Permisjonar pga politiske verv og andre "skal"-permisjonar har tidvis gjeve spesielle utfordringar for vikarsituasjonen ved ABU.

## Personale/tilsette

Innføring av kort elevdag kvar 3.fredag og ½ dag med kompetanseutvikling for alle lærarane (skulebasert kompetanseutvikling) har gjeve høve til felles satsing på etterutdanning i eit omfang som tidlegare ikkje var mogleg. Tema for etterutdanninga har vore "Klasseleiing" og "Lesing i alle fag". Dette er to svært viktige tema lokalt, og er samtidig nasjonale satsingsområde. Det har vore henta inn førelesarar frå høgskulane i Sogndal og Bergen. Tiltaket har gjeve gode resultat.

Sjukefråveret er på 3,2 %, som må seiast å vere ganske lågt.

Ved utgangen av året er personalressursen i tenesteytinga 29,7 årsverk. Dette er ein oppgang på 0,5 årsverk, som i hovudsak må tilskrивast oppstart av norskurs for framandspråklege vaksne.

I alt er det 34 fast tilsette i heil- og deltidstillingar. 25 av desse er kvinner. Pr 31.12.12 er det i tillegg to kvinner i tidsavgrensa engasjement. Gjennomsnittsalderen for fast tilsette er 50 år.

## Økonomi

Tabellen under viser rekneskap og budsjett (endra) for 2012, rekneskapen for 2011, og avvik mellom budsjett og rekneskap for 2012.


<b>ABV</b>	<b>Rekneskap 2012</b>	<b>Budsjett (end) 2012</b>	<b>Rekneskap 2011</b>	<b>Avvik (per.)</b>
	<b>18 289 043</b>	<b>18 390 997</b>	<b>17 230 367</b>	<b>-101 954</b>

Avviket er på 0,6 %. "Overskotet" skuldast m.a. lægre utgifter enn budsjettet til betaling for elevar i andre kommunar.


## Avslutning

2012 har vore eit godt driftsår. Måla for grunnskulen i den vedtekne utviklingsmeldinga er ambisiøse, og satsing på kompetanseutvikling og tilstrekkeleg høg "lærartettleik" i klassane vil vere ein føresetnad for å kunne nå opp mot desse måla i åra som kjem.

## Nto driftsutgifter skular pr unge 6-15 år (tal i heile tusen)



## Prosentandel i skule med spesialundervisning



# Årsmelding 2012 for KBA, kommunale barnehagar - ansvar 220

## Innleiing

Kommunale barnehagar (KBA) omfattar leing, drift og utvikling av fire barnehagar:

Flåm barnehage (FBH)

Skjerping barnehage (SBH)

Dalen barnehage (DBH)

Vangen barnehage (VBH)

## Gjennomføring av plan for eininga i 2012

Med unnatak av Skjerping som har ei felles avdeling, har alle barnehagane to avdelingar, ei for store barn, og ei for små barn, slik det var planlagt for 2012. Alle avdelingane for store barn deltek i Aurland kommunale musikkskule sitt prosjekt for musikk i barnehagen. Dette er eit særst vellukka prosjekt som held fram i 2013. Programmet for overgang frå barnehagane til skule har vorte vidareutvikla saman med skulane i 2012. Dette gir god kommunikasjon mellom skulen og barnehagane og gir trygg overgang til kjende miljø for barna. Alle 5-åringane får førebunde symjeopplæring to gonger kvar månad. Fagleg samarbeid med Lærdal har utvikla seg til regionale nettverksgrupper som dekker alle sentrale tema i Rammeplanen. Målet for prosjektet å auka fagleg kompetanse for alle tilsette i barnehagane våre. Sommaren 2012 vart Vangen og Dalen barnehage slegne saman i 4 sommarveker, Flåm hadde vanleg drift, medan Skjerping var stengd i 3 veker. Dei kommunale barnehagane fekk nye vedtekter og ny tenesteerklæring i 2012.

## Dagleg drift av eininga

Dagleg drift er prega av at barnehagedrifta er spreidd på 4 mindre einingar også i 2012. Dette gir nok dyrare barnehagedrift, og utfordringar med samkøying av pedagogisk innhald, kvalitet og vurdering. Men god ressurstilgang kombinert med godt utdanna og formelt høgt kvalifisert personale i alle barnehagane gir gode resultat. I nasjonale samanlikning, gjort av Kommunal Rapport og basert på økonomiske nøkkeltal, bli tilbodet i våre kommunale barnehagar rangert som 2 i fylket og 5 i kommunegruppa av kraftkommunane.

## Personale/tilsette

2 lærekandidatar fullførte opplæring og fekk sine kompetansebevis i 2012. 8 pedagogar har vore i vidareutdanning i 2012. Alt personale har gjennomført ergonomikurs i samarbeid med bedriftshelsetenesta og opplæring i samarbeid barnehage/barnevern. Ein pedagog og ein fagarbeidar har fullført pilotprosjekt i temaet "Tal, rom og form" i samarbeid med to tilsette frå barnehagane i Lærdal. 5 tilsette har teke livredningsprøva. Ein tilsett vart overført til annan stilling i organisasjonen frå 08.2012.

Funksjon	2012 (per 15.12.12)				2011 (per 15.12.11)			
	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Alder**	Årsverk	Tilsette	Kvinner	Alder**
20110 FBH	5,0	6	6		5,8	8	8	
20111 SBH	1,7	2	2		1,7	2	2	
20113 DBH	5,2	6	6		4,4	5	5	
20114 VBH*	7,5	10	9		7,9	10	9	
SUM	19,4	24	23	47,1	19,8	25	24	46,5



Sjukefråver	4,6%	5,2%
-------------	------	------


Tala viser fast tilsette. \* = Inkludert 1,6 årsverk administrasjon og 0,2 årsverk som blir refundert \*\* = Gjennomsnitt

Fråveret er rimeleg stabilt. Det er ikkje mogeleg å peika på ein spesiell grunn for fråvær som er veg tyngre enn andre grunnar. Det er derfor viktig å halda fram med samarbeidet med bedriftshelsetenesta gjennom opplæring og rådgiving.

## Økonomi

	Rekneskap 2012	Budsjett (end) 2012	Rekneskap 2011	Avvik(per.)
220 Barnehagar	9.866.827	9.857.491	9.465.418	9.336

Barnehagane har god ressurstilgang. Dette gjev barnehagen høve til å fokusera på høg kvalitet ved å halda på kvalifisert personale, og vidareutvikla innhaldet i tilbodet. Dei kommunale barnehagane i Aurland har høg dokumentert kvalitet, og oppfyller dei nasjonale føringane om rett til barnehageplass, kompetanse mellom tilsette og komande krav til kvalitetsutvikling av tilbodet. Det er viktig å halda denne utviklinga, sjølv om barnetalet kan variere.



Oversikta viser at Aurland kommune brukar ein stor sum pr barn i høve andre kommunar i regionen og snittet.

## TENESTEINING: FLÅM SKULE

### Innleiing

Tenesteeininga har skule, skulefritidsordning(SFO) og skuleskys for elevar frå Skjerping, Undredal og Flåm.

### Plan for eininga

Flåm skule arbeider etter dei planar som gjeld for skulen og lover og forskrifter nedfelte i opplæringslova. Kvart år lagar skulane ei Utviklingsmelding der måloppnåing og resultat i høve skulen si pedagogiske drift vert nærare konkretisert. Skulen har vidare ein eigen utviklingsplan som følgjer skuleåret. Denne planen beskriv overordna og faglege utviklingstiltak. I tillegg har vi handlingsplanar for arbeidet med helse, miljø og tryggleik. Vi har også laga ROS-analyse i 2012, og laga ein plan for tiltak i høve dette.

Skulen har nådd nesten alle måla vi har sett oss dette året i høve overordna planar. Alle lærarane og rektor har delteke på felles etterutdanning med ABU i klasseleiing, ein lærar har gjennomført vidareutdanning i spesialpedagogikk, ein lærar har starta på vidareutdanning i musikk og to assistentar er i gang med fagarbeidarutdanning som barne- og ungdomsarbeidarar. Vi kom ikkje i gang med lesing i alle fag som var planlagt som etterutdanning for alle lærarane i kommunen i 2012, men dette vert gjennomført vinteren 2013.

Skulen har som mål å løysa utfordringar i elevmiljøet på lågast mogeleg nivå og i nært samarbeid med heimane. Elevmiljøet er tema på alle personalmøte og i møta i Skulemiljøutvalet ved skulen. Skulen gjennomfører eigne trivselsundersøkingar to gonger i året i tillegg til den obligatoriske elevundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet. Vi har ikkje gjort noko enkeltvedtak i 2012 med bakgrunn i kapittel 9a i opplæringslova.

Dei tilsette sitt arbeidsrom har ikkje vore godt tilrettelagt i høve å skjerma for støy og gi gode arbeidstilhøve. I samarbeidsmøte mellom Grend bedriftshelseteneste, verneombod og rektor arbeidde laga vi framlegg til ei betre løysing på arbeidsrommet. Vi søkte og fekk midlar frå kommunen sitt HMT-fond, og dei tilsette er svært nøgde med "nye" skjerma kontorplassar.

Ei av dei største utfordringane som kom fram i arbeidet med handlingsplanen for ROS, er utfordringane rundt is/snø og faren for skli- og fallskadar. Dette gjeld både elevar og tilsette. Ver- og føretilhøve er ikkje alltid dei same i Flåm som på Aurlandsvengen. Vi har fått rimeleg god hjelp til strøing når vi har ringt KDE og bedt om hjelp. Elles er både elevar og tilsette flinke til å strø manuelt både trapper og gangstiar. Inngangspartiet for dei tilsette har ei gammal trapp der opptrinna er høge og sjølv trinna er korte. Denne trappa medfører stor risiko for å skada seg om ein sklir og ramlar. I 2011 var det sett av pengar til å leggja skifer på trappa. Det gjekk visstnok ikkje. Deretter vart det teikna eit framlegg hjå arkitekt til overbygg og strekkmetall-trapp, noko som ville sikra at ikkje snø og is legg seg. Tiltaket og arbeidet er ikkje gjennomført, og dette må difor vidareførast med høgste prioritet på ROS-handlingsplanen også komande år.

### Drift av eininga

Flåm skule sine tilsette er gode på å løyse utfordringar. Vi opplever òg at bedriftshelsetenesta gir oss god støtte og rettleiing i høve dei tilsette sin arbeidskvardag og ufordringar knytt til belastande arbeid. Vi opplever utfordringar knytt til at vi ikkje lenger har

bassenget ved skulen i drift. Vi kunne tidlegare nytte bassenget oftare og for fleire, til dømes SFO, og meir i tilpassa trening for barn med særlege behov.

Vi har framleis utfordringar i høve IKT og manglande personalressurs i høve drift, vedlikehald og oppfølging av arbeidet med digital kompetanse hjå elevar og tilsette. Den kommunale IKT-konsulenten strekkjer seg heldigvis langt for å støtta og hjelpe oss!

Arbeidsmiljøet hjå elevar og tilsette er svært viktig. Vedlikehald av bygg og uteområde, oppfølging frå vaktmeister, akutte tiltak når det vert behov for reparasjonar og planar for slikt arbeid på kort og lang sikt er svært viktig å få på plass for å bygga opp eit trygt og godt arbeidsmiljø for alle.

### Personale/tilsette

Dette året har vi hatt ein nyttilsett lærar som ville hatt god nytte av oppfølging av mentor. Vi har ein kommunal plan for slikt arbeid, og utdanna mentor i kommunen, men ordninga kom ikkje i gang i 2012. Vidare har vi ein lærar ute i permisjon i jobbrotasjon innan organisasjonen.

Sjukefråveret har auka sidan 2011. Vi har ein tilsett i 20% sjukmelding frå august, og har hatt nokre få lengre sjukefråver enn vi har hatt tidlegare.

Teneste	2012		2011	
	Tilsette	Årsverk	Tilsette	Årsverk
Flåm skule	11	8,9	12	10,4
Flåm SFO	3	1,44	3	1,6
<b>Sum</b>	<b>14</b>	<b>10,34</b>	<b>15</b>	<b>12</b>
Fråver		<b>2,9%</b>		<b>1,5%</b>

Vi har to menn og 12 kvinner tilsett. Gjennomsnittsalderen er 47,7 år.

Vi har færre timar til spesialpedagogiske tiltak frå hausten 2012 enn året før. Vi prøver å finne gode løysingar med å tenkje tidleg innsats og lærardekning på dei lågaste klassetrinna for å førebygge trong for spesialpedagogisk hjelp seinare. Dette trur vi vil gje positive resultat på sikt. Med i talet på tilsette har vi ein kontorfunksjonær i 40% stilling som er tilsett både på ABU og Flåm.

### Økonomi - ansvar 230 Flåm skule

Rekneskap	Buds(end)	Rekneskap	Avvik(per.)
2012	2012	2011	
6.474.900	6.800.307	6.375.029	-325.407

Flåm skule har eit positivt driftsresultat. I hovudsak handlar det om at vi prøver å stramma inn på bruk av vikar så sant det let seg løysa utan at det går utover tilbodet til elevane. Vi brukte òg nokre færre lønsmidlar enn budsjettert på SFO. Løysinga med at SFO på ABU og Flåm samarbeider i feriane er god i høve økonomien, men kan gi utfordringar når det gjeld born med spesielle behov.

Dei tilsette på Flåm skule skal ha ros for å vera kreative og positive i høve å finna gode løysingar når situasjonen krev det i høve sjukefråvær eller anna planlagt fråvær. Eit løysingsorientert personale der positive krefter rår skapar grunnlag for eit godt arbeidsmiljø for både elevar og tilsette.

## TENESTEEINING:

### Helse og førebygging

#### - Innleiing

I tenesteeininga inngår legekantoret, helsestasjon og jordmor, ergoterapitenesta og fysioterapi. Innanfor desse tenestene ligg mellom anna arbeidsoppgåver knytt til formidling av hjelpemiddel, skysskortordninga, rådgjeving i høve til universell utforming, svangerskapsoppfølging, helsestasjon, skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom, smittevern, reisevaksine og miljøretta helsevern. Det er i tillegg ein merkantil ressurs på eininga som sørvar både helsetenestene og barnevernet.

#### - Plan for eininga

Lege, jordmor og helsesøster har saman med barnevernet delteke på ei seminarrekke om tidleg intervensjon i regi av Bergensklinikkane. Korleis kommunen skal jobbe for å styrke det tverrfagleg samarbeidet innanfor område barn og unge, bør vurderast i samband med rullering av kommuneplanen sin handlingsdel våren 2013. Kommunen har gjennom Sjumilssteget, eit prosjekt initiert av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, gjennomført ei kartlegging som vil vere ein nyttig reiskap for å gjere analysar, og for å velje strategiar og arbeidsmåtar framover.

Frå hausten 2012 har kommunen hatt fast tilsett psykiatrisk sjukepleiar. Det er etablert fast samarbeid med spesialisthelsetenesta, med andre faginstansar i kommunane og NAV. Strategiplan for oppbygging av psykisk helseteneste vil bli prioritert å jobba med framover. Delar av stillinga vert nytta som eit lågterskeltilbod.

Det blir utarbeidd ein ny rusmiddelpolitisk handlingsplan for kommunane. Det er venta at mål og strategiar i denne planen vil leggje føringar for det førebyggjande arbeidet ved eininga.

Helse og omsorgsplanen vil og legge føringar for kva prioriteringar eininga skal gjere framover. Eininga vil vere sterkt involvert i planarbeidet. Eininga er også representert i arbeidsgruppa som jobbar med plan for etablering av interkommunal legevakt ved Lærdal sjukehus. Sak skal etter planen leggest fram for kommunestyra i deltakarkommunane før sommaren 2013.

#### - Drift av eininga

Eininga har hatt turnuskandidat i fysioterapi og turnuslege i 2012. Kontinuerleg turnusteneste er viktig for kapasiteten både ved legekantoret og i fysioterapitenesta.

Tenesteleiarfunksjonen ved eininga har vore i vareteken av tenesteleiar for pleie og omsorg fram til juni 2012, og etter juni 2012 har eininga blitt følgt opp av assisterande rådmann. Permanent løysing for leiing ved eininga skal vurderast i samband med planarbeidet innanfor helse- og omsorgsområdet. Dette arbeidet er prioritert i kommunal planstrategi som vart vedteken i kommunestyret 15.11.12.

Merkantil ressurs ved eininga er redusert med 20% til 60% i 2012.

Drift av eininga er elles stabil. Fleire tilsette er mykje involvert i tverrfaglege ansvarsgrupper og er personlege koordinatorar.

- **Personale/tilsette**

Det er 13 tilsette ved eininga fordelt på 10,4 årsverk. Talet på årsverk inkluderer dei to turnusstillingane. Det er 3 menn og 10 kvinner ved eininga. 6 kvinner jobbar deltid. Gjennomsnittsalderen på dei tilsette er 49,8 år.

Sjukefråveret ved einingar i 2012 var 1,9 pst. Dette er svært lågt. Det er berre registrert to sjukefråver utover arbeidsgjevarperioden og liten bruk av eigenmeldingar.


Bemanninga auka med ei stilling frå 2011 til 2012 etter at vi har fått rekruttert fast i stillinga som psykiatrisk sjukepleiar. Bemanninga ved legekantoret er midlertidig redusert med 0,2 årsverk grunna redusert arbeidstid.

- **Økonomi**


	<b>Rekneskap</b>	<b>Buds(end)</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Avvik(per.)</b>
	<b>2012</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>	<b>0</b>
300 HELSE OG FØREBYGGJING	6.719.850	6.207.319	6.274.390	512.531

Det er eit meirforbruk på eininga på om lag ein halv million. Om lag 100.000 skuldast at lønn til psykiatrisk sjukepleiar og kostnader knytt til utdanningsløpet ikkje var teke fullt høgde for i budsjettet. Det er elles eit avvik på om lag 100.000 som gjeld uteståande fastlønstilskot på fysioterapi. Tilskotet blir ført i rekneskapen for 2013. Det er ført utgifter til husleige på om lag 70.000 på eininga, medan over halvparten av husleigeinntektene er ført på kommunal driftseining ansvar 500. Dette blir retta opp frå 2013. Når det gjeld utgifter til kjøp av tenester frå private, som gjeld legevikar, er det oppdaga ei feilfakturering på 100.000. Dette blir retta opp i 2013, men var ikkje stadfesta då rekneskapen vart avslutta. Utgifter kr 70.000 til miljøretta helsevern, ei teneste som kommunane kjøper frå Sogndal kommune, er ikkje budsjettert på ansvar 300. Faktura er motteken på etterskot, og avviket har difor ikkje blitt fanga opp i tærtial. Vi opplever at eininga er nøktern med innkjøp og forbruk. Rekneskapen syner god kontroll med lønnsutgifter, men noko overforbruk på andre postar.

## Kommunehelse - nto kostnad pr innbyggjar



## Kommunehelse - legeårsverk pr 10 000 innbyggjarar



## NAV

Tenestene Aurland kommune har i NAV kontoret er:

- Lov om sosiale tenester i NAV. Som eksempelvis:
  - Økonomisk stønad – sosialhjelp – sosiallån.
  - Kvalifiseringsprogrammet
  - Mellombels bustad
  - Bustad for vanskelegstilte, jf også Helse- og omsorgstenesteloven § 3-7
  - Råd og rettleiing
  - Generelt førebyggjande arbeid
- Særlege tiltak for rusmiddelavhengige, jf Helse- og omsorgstenesteloven
- Husbank, dvs bustøtte, startlån og ulike tilskotsordningar.
- Gjeldsrådgjeving / økonomisk rådgjeving og gjeldsordning.

Under konsulent for funksjonshemma er tenestene;

- Støttekontakt
- Omsorgsløn
- Brukarstyrt personleg assistent
- Avlastning
- Fylgjekort funksjonshemma

### **SOSIAL funksjon 24310**

Tal brukarar for 2012 er omlag likt med 2011. Vi ligg på rundt 55 mottakarar av økonomisk stønad, noko som i forhold til innbyggjartal er svært høgt samanlikna med dei andre kommunane i fylket.

Kommunane Aurland, Lærdal og Årdal har søkt og fått 550.000 kr i prosjektmidlar frå fylkesmannen til felles gjeldsrådgjevar. Stillinga har kontorstad ved NAV Årdal, med kontordagar i Aurland og Lærdal. Tilsetjing er gjennomført og oppstart blir i 2013.

### **RUS funksjon 24210**

Kommunen vart gjeve prosjektmidlar a kr. 550.000 frå fylkesmannen. Ruskonsulent er tilsett og starta opp i november. Ubrukte prosjektmidlar er overførde til 2013. Målet med prosjektet er å utarbeide rusmiddelpolitisk handlingsplan med målsetjing om at planen skal bli vedteken innan sommaren 2013; kartlegging av rus i kommunen og utforming av tiltak.

### **KONSULENT FOR FUNKSJONSHEMMA funksjon 23410**

Etter vakanse heile 2011 vart stillinga besett frå januar 2012. Tenesta har drifta dei eksisterande tiltaka vi har, samt etablert nye omfattande tiltak i 2012. Vi ser at utviklinga går i retning av meir krevjande brukarar.

### **Drift av eininga**


2012 har vore eit krevjande år i høve dagleg drift. Kontoret har hatt ei 100% statleg stilling i vakanse heile året. Tilsetjing er no gjennomført med oppstart i februar 2013. Den faste kommunale stillinga var i foreldrepermisjon, og vikaren fekk ny jobb 3 månader før vikariatet var omme. Sommaren var særskild krevjande, der kontoret for å klare å avvikle ferie måtte ty til særskild avgrensa opningstid i ein månad og hjelp frå nabokontor for å halde ope.

Personale/tilsette	Tal	Årsverk	Sjukefråver %	Alder
Funksjon 23410 AKT. ELDRE/RØRSLEHEMMA	7,0	3,63	5,4	48,6
Kvinner	5,0		6,0	
Menn	2,0		3,0	
Funksjon 24210 SOS. RÅDGJ./RETTLEIING	1,0	0,8	0,6	33,0
Funksjon 24310 TILBOD TIL PERS.M/RUSPROBLEM	1,0	1,0	0,0	35,0
<b>Ansvar 301 NAV AURLAND</b>	<b>9,0</b>	<b>5,43</b>	<b>4,4</b>	<b>45,3</b>

## Økonomi

	Rekneskap 2011	Buds(end) 2012	Rekneskap 2011	Avvik 0
301 NAV AURLAND (kommune)	7.459.803	7.739.937	5.594.242	-280.134

NAV Aurland har eit mindreforbruk totalt i 2012. Dette skuldast mellom anna at vi hadde budsjettert med 100% sosialkonsulent heile året, men har gått med vakanse i stillinga i 3 månader. Vi har også fått meir i refusjon for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert. Det tok også noko tid før vi fekk inn nye brukarar på kvalifiseringsprogrammet, slik at vi har eit mindreforbruk også her. Mottekne avdrag på sosiale lån er det dobbelte av budsjettert. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp og bustader har auka betydeleg og ligg om lag ein halv million over budsjett. Dette er utgifter som er utanfor kontroll og del av lovpålagt yting etter Lov om Sosiale tenester i NAV.





## **BARNEVERN**

### **Innleiing:**

Tenesta er interkommunal og har ansvar for alle tenester etter Lov om barnevernstenester i begge kommunane. Aurland er vertskommune og rådmannen her er ansvarleg for tenesta.

Tenesta handterer tiltak både i og utanfor heimen til barnet, og skal medverke i det førebyggjande arbeidet blant born og unge i kommunane.

Det er totalt 5 tilsette, fordelt på ein leiar, tre sakshandsamarar og ein tiltakskonsulent

### **Plan for eininga:**

Tenesta hadde tilsyn frå Fylkesmannen i byrjinga av 2012, og ut frå dette vart det utarbeida ein rapport som peikte på forbettringspunkt.

Tenesta har innført ny internkontroll og nye rutinar som følgje av denne rapporten, og tilsynet er avslutta frå Fylkesmannen. Ein etterverknad av tilsynet er at det er vorte meir fokus på refleksjon kring praksis, rutinar og korleis ein skal løyse oppgåver på best mogleg måte, både i høve fag, lovkrav og effektivitet.

### **Drift av eininga:**

Tenesta har hatt ei akuttsak i siste halvdel av 2012 som har vist seg å vere svært krevjande. Dette kjem i tillegg til anna meir planlagt arbeid, noko som gjer at det vert omdisponering av arbeid og personale på høveleg kort varsel. Til tross for at det har vore arbeidskrevjande, har det vore lærerikt for heile personalet, og tenesta har fått attendemeldingar frå mellom anna Bufetat som seier at me har løyst utfordringane på ein særskild god måte.

I 2012 har Bufetat (statleg barnevernsmynde) vore i omorganisering og endring. Dette har vore ein utfordrande situasjon for mange, fordi prosessen kring det har vore uoversiktleg og veldig lite brukarvennleg. Me får høve til å uttale oss om endringane etter at dei er gjennomførte. Desse endringane vil på sikt føre til at staten skal konsentrere seg om kjerneoppgåver, og at meir skal ut til kommunane. Det er tett samarbeid mellom barnevernsléiarane i fylket i høve dette temaet, og me gjer det me kan i høve til å møte desse utfordringane.

I 2013 vil det vere fokus på å møte utfordringane som kjem i kjølvatnet av endringane i det statlege barnevernet. Meir samarbeid på tiltaksfeltet er noko som pressar seg fram i høve til dette, og Årdal har signalisert at dei ynskjer samarbeid om dette. Det vil også bli vurdert å søkje om eksterne midlar til dette arbeidet.

Tenesta vil også jobbe med å betre samarbeidet med dei andre aktørane i høve barn og unge i kommune, slik som skule, helsetenesta og barnehagar. Godt barnevernsarbeid skjer i samhandling med andre yrkesgrupper, og det er eit klart mål for tenesta å betre dette.

### Personale/tilsette:

Som følge av tilsynet, vart det avdekkja store opplæringsbehov i høve fagprogrammet Familia. Det vart gjennomført internopplæring i august på dette, i tillegg til at leiar og IKT-ansvarleg i kommunen har laga ein eigen plan for dataopplæring. Denne planen inkluderer årleg oppfriskingskurs på fagprogram.

Ein tilsett har vore langvarig sjukmeldt og gått ut i permisjon. Denne vakansen vart løyst ved at ein nytta ein person frå kommunale barnehagar med relevant utdanning. To personar har hatt til dels langvarige sjukmeldingar, den eine i gradert. Dette har gjort at det til tider har vorte avgrensa kapasitet.


Sjukefråver: som sagt er det to tilsette som har hatt lengre sjukemeldingar. Med totalt fem tilsette gjer dette stort utslag på statistikken.

Tal tilsette og årsverk er som tidlegare: Tenesta har fem årsverk knytt til seg, med fem tilsette. Ein tilsett går i redusert stilling med 20%, i utgangspunktet er alle stillingar 100%.

Tenesta består av berre kvinner, med ein gjennomsnittsalder på 38,6 år

### Budsjett:

Aurland og Lærdal budsjetterte i 2011 i høve til dei utgiftene som var forventa i 2012. På tiltakssida har ein ikkje hatt akutte eller uventa hendingar, og budsjettet har soleis gått i balanse.



## Årsmelding 2012 - pleie, rehabilitering og omsorg

### INNLEIING

**Aurland helsetun** gir tilbod om langtidsplass, korttidsplass, avlastingsopphald, vekselpleie, sjukepleie, legetilsyn, fysioterapi, arbeidsstove og diverse sosiale aktivitetar.

**Heimebasert omsorg** omfattar heimesjukepleie, spesielt tilrettelagde heimetenester, praktisk bistand (heimehjelp), vaktmeistertenester, omsorgsbustader, tiltak innanfor ordninga brukarstyrd personleg assistanse, matombringning, trygghetsalarmar, ressursjukepleie i kreftomsorg, demensteam og dagtilbod for heimebuande demente.

**Pleie og omsorgstenestene** disponerer 24 institusjonsplassar, 18 omsorgsbustader, 5 psykiatribustader, 4 omsorgsbustader i tenesta for psykisk utviklingshemma og eit bufellesskap for eldre med 5 plassar.

### PLAN FOR EININGA

Pleie- og omsorgstenestene er tungt regulerte av nasjonale føringar, forskrifter og lover. Tenesteeininga har og utarbeidd ein eigen tiltaksplan, der kvar avdeling seier noko om kva som skal satsast på for gjeldande år, og kva det må jobbast fortløpande med. Tiltaksplanen blir normalt revidert ein gong pr år, og tiltaka blir stort sett utførte som skissert i planen.

### DRIFT AV EININGA

Den nye helsereforma (Samhandlingsreforma) tok til å gjelde frå 01.01.12. Dette er ei retningsreform som gradvis skal innførast over tid. Denne reforma har ført til at fleire nye lover og forskrifter er vedtekne, og tilsette i tenesteeininga har i 2012 delteke på kurs, temadagar og nettverkssamlingar for å setje seg inn i og følgje opp det nye lovverket. Intensjonen i reforma er at innsatsen skal dreiest mot folkehelse, førebygging og eigenmeistring, og ein større del av helsetenestene må ytast av kommunane.

### Pilotprosjekt – Pasientsikkerheitskampanjen i trygge hender

Aurland helsetun deltok i eit pilotprosjekt saman med Lærdal sjukehus. Denne kampanjen er landsomfattande, og det er definert fleire innsatsområde som Helsedirektoratet vil ha fokus på, og som det skal jobbast med i helseføretak og kommunar. Aurland helsetun deltok i prosjektet "Førebygging av urinvegsinfeksjonar i samband med bruk av kateter". Å vere med i ein slik pilot har ført til både auka fokus til det beste for pasientane, betre prosedyrar og opplæringstiltak for tilsette.

### Liverpool Care Pathway (LCP)

LCP er ein internasjonal anerkjend tiltaksplan for å kvalitetssikre omsorga til døyande og til deira pårørande. Det er eit mål at både sjukehus, sjukeheimar, fastlegar og heimesjukepleien skal vere i stand til å gi god omsorg ved livets slutt. I kommunehelsetenesta er det behov for ein felles standard. LCP kan brukast ved alle forventa dødsfall, uavhengig av diagnose. Det er ressursjukepleiarane i kreftomsorga i kommunen som har teke initiativ til å bruke denne tiltaksplanen. Det er gitt opplæring til alle fagutdanna i pleie og omsorg. Kursa som vart arrangert i Aurland, hadde deltaking også frå Lærdal kommune og Lærdal sjukehus. Dette

tiltaket meiner vi vil heve kvaliteten på dokumentasjon, føre til at involverte fagpersonar får betre oversikt, og samarbeid og samhandling mellom fagpersonane blir betre.

### Meldingsløftet

Dette er eitt av fleire prosjekt i samband med innføring av Samhandlingsreforma som det har vore jobba med i 2012. Prosjektet kjem til å strekke seg inn i 2013/2014 før det er ferdig, og skal støtte opp om betre og meir målretta samhandling enn tidlegare. Prosjektet skal innførast i 2 fasar, der den fase 1 går ut på å klargjere for elektroniske meldingar mellom pleie og omsorg og legekantoret. Fase 2 blir å få på plass elektronisk samhandling mellom kommune og helseføretak. Dette er eit omfattande prosjekt, der deltaking/involvering frå både fagleg, teknisk/IKT og administrasjon er naudsynt.

Prosjekt som det i tillegg blir jobba med, er etablering av lokalmedisinsk senter i Lærdal (LMS) og ny helse- og omsorgsplan.

Drifta i tenesteeininga elles er stabil, og det er lite endring i tal brukarar:

### Tal på heildøgnsbuande ved Aurland helsetun etter kjønn og alder ved utgangen av 2011 og ved utgangen av 2012

Pr. 31.12.11

Pr. 31.12.12

	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
0-17 år	0	0		
18-49 år	0	0		
50-66 år	0	0		
67-74 år	0	0		1
75-79 år	3	2	1	1
80-84 år	2	3	4	3
85-89 år	2	5	2	2
90 år og oppover	2	3	1	4
<b>I alt</b>	<b>9</b>	<b>13</b>	<b>8</b>	<b>11</b>

Aurland helsetun har gjennom året hatt om lag 96 % belegg (KOSTRA tal). Det vil seie at det har vore ledige rom ved Aurland helsetun berre i svært korte periodar gjennom året

## Mottakarar av heimesjukepleie og/eller praktisk bistand etter kjønn og alder ved utgangen av 2011 og 2012

Pr. 31.12.11

Pr. 31.12.12

	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
0-17 år	0	0		1
18-49 år	4	4	9	2
50-66 år	7	5	2	5
67-74 år	4	3	7	5
75-79 år	3	6	5	3
80-84 år	6	12	8	8
85-89 år	8	13	9	15
90 år og oppover	3	7	5	11
<b>I alt</b>	<b>35</b>	<b>50</b>	<b>45</b>	<b>50</b>

Statistikken her (IPLOS tal) syner at tal brukarar av heimesjukepleie og/eller praktisk bistand held seg nokså konstant og med mindre endringar i aldersfordeling og kjønn.

### PERSONALE/TILSETTE

Pleie, rehabilitering og omsorg er ei stor tenesteeining med mange tilsette. Berre 6 av dei tilsette er menn, resten er kvinner. Gjennomsnittleg stillingsprosent i direkte brukarretta teneste er omlag 75 %. Tenestene må i stor grad nytte vikarar ved fråver. Det er elles vanskeleg å yte dei tenestene som brukarane er tildelte gjennom enkeltvedtak. Det er ei positiv haldning hjå dei tilsette til å ta på seg ekstra vakter i periodar ved fråver. Det har vore gjennomført medarbeidarsamtalar i 2012. Det kjem fram i medarbeidarsamtalar og i andre samanhengar at arbeidsmiljøet jamt over blir opplevd som bra. Det er utarbeida plan for HMS (helse, miljø og sikkerheit) for tenesteeininga for 2012. Dette er gjort i samarbeid med bedriftshelsetenesta Grend.

Når det gjeld opplæring/utdanning, har 1 omsorgsarbeidar delvis permisjon for å ta sjukepleieutdanning, og dei 2 siste studiesirklane i "Demensomsorgens ABC" vart avslutta hausten 2012. Gjennom denne opplæringsforma får tilsette grunnleggande kunnskapar om demensomsorg, og utviklinga syner at omsorgstenestene får god bruk for kunnskap på dette feltet. Tenesteeininga har lærlingplassar, både i kokkefag og helsearbeidarfag, og hadde i 2012 ein lærling i drift på kvart av områda.

## Tilsette - gjennomsnittsalder

	<b>Kvinner</b>	<b>Menn</b>
Tal tilsette	86	6
Gjennomsnittsalder	53	46

Gjennomsnittsalder på alle tilsette i tenesteeininga i 2012 var 52 år. 11 av dei tilsette var over 60 år. Dette tyder at tenesteeininga om nokre få år står framfor utfordringar i høve nyrekruttering til ledige stillingar ettersom fleire av tilsette dei kommande åra kjem til å gå av med pensjon. Tenesteeininga klarer stort sett å rekruttere til faste stillingar. Det er vanskelegare å få søkjarar til utlyste vikariat.

## Sjukefråver 2011 2012

	<b>7,5%</b>	<b>7.0</b>
--	-------------	------------

Statistikken for sjukefråver (eigenmeldingar inkludert ) viser ein nedgang frå 2011 til 2012. Legemeldt sjukefråver for eininga i 2012 var på 5,1%. Dette tyder at korttidsfråveret med eigenmeldingar utgjør ein mindre del tilsvarande 1,9%. Det blir jobba med oppfølging av dei sjukmelde, og fråveret syner ei positiv utvikling, sjølv om endringa ikkje er store frå 2011 til 2012. Fokus på førebyggjande tiltak, på jobbnærver og tilrettelegging i arbeidssituasjonar må halde fram.

## Årsverk 2011 2012

Aurland helsetun - heildøgnsdrift (inkl. aktivtør/miljøarbeidar, merkantil)	26,8	26,8
Aurland helsetun – kjøkken	2,7	2,7
Heimebasert omsorg (inkl. heimesjukepleie, praktisk bistand, bufellesskap, merkantil)	19,0	19,0
Heimebasert omsorg - psykiatribustader	3,9	3,9
Heimebasert omsorg - heildøgnsdrift bustader for psykisk utviklingshemma	8,3	7,9
Heimebasert omsorg - dagtilbod for heimebuande demente	0,9	0,9

Heimebasert omsorg – vaktmeister	1,0	1,0
Tenesteleiar	1,0	1,0
<b>Totalt</b>	<b>63,6</b>	<b>63,2</b>


Reduksjonen i tal årsverk frå 2011 til 2012 på 40% kjem på grunn av utprøving av ny turnus i Vetlelid. Dette er førebels ei prøveordning, og endringa er såleis ikkje gjort permanent. Elles ingen endringar frå 2011 til 2012.

### Årsverk – omsorgstiltak/spesielt tilrettelagte heimetenester

I tillegg til tala for årsverk som kjem fram i tabellen ovanfor, kjøper Aurland kommune v/ pleie og omsorg omsorgstenester frå privat aktør i samband med 2 omsorgstiltak, tilsvarande om lag 15 årsverk.

ØKONOMI	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Avvik
310 Pleie og omsorg	<b>46 096 136</b>	<b>45 760 795</b>	<b>39 707 463</b>	<b>335 341</b>

Rekneskapen for 2012 syner eit negativt avvik på 335 341,- på drifta av pleie- og omsorgstenestene. Differansen elles mellom driftsutgifter og driftsinntekter frå 2011 til 2012 skuldast i stor grad at på funksjonen ”spesielt tilrettelagde heimetenester” (der tiltak for særleg omsorgstrengande personar blir postert) har auka pga eit nytt tiltak som vart etablert i 2012.



## KOMMUNAL DRIFTSEINING

Kommunal driftseining har ansvar for desse fagområda:

- Planarbeid -areal/regulering
- Kommunale eigedomar
- Kommunale vegar- gatelys
- Vatn & avløp/Miljøstasjon
- Grøntanlegg
- Byggjesak – oppmåling

### Planarbeid:

I 2012 har kommunal driftseining delteke i gjennomføring av mellom anna:

- Kommunal planstrategi
- Rullering av kommunen sin handlingsdel m/økonomiplan for 2013 – 2016

### Reguleringsplanar:

- |                              |        |
|------------------------------|--------|
| • Vedtekne reguleringsplanar | 3 stk  |
| • Sendt på høyring           | 7 stk  |
| • Under arbeid               | 11 stk |

### Kommunedelplanar (KDP)

- KDP for veg & trafikk
- KDP for næring (Samfunns- og næringsanalyse )
- KDP VA

### Regionale planar

- Regionalplan for Nordfjella
- E16 Nærøydalen (Hylland- Fyrre)

### Investeringar

Kommunal driftseining har og delteke i gjennomføring av investeringane i 2012. Bygging av gang og sykkelveg på strekninga Ytstebøen- Høydalen og sikringsgjerde på Fiskhammar (Høydalen bustadfelt) har vore to omfattande prosjekt.

### Drifta:

Kommunal driftseining sine kjerneoppgåver kan delast i to område:

- 1) Intern tenesteproduksjon retta mot drift og vedlikehald av bygningsmasse og tilhøyrande utomhusanlegg som andre tenesteeiningar nyttar i sin tenesteproduksjon.
- 2) Ekstern tenesteproduksjon som er retta mot infrastruktur (t. d vatn/avløp- kommunale vegar -grøntanlegg, byggjesak og oppmåling.)

Utover dette har og Kommunal driftseining stått føre innhenting av ulike anbod på kjøp av tenester og kjøp på tvers av dei ulike tenesteeiningane. Brann og kommunal beredskap fekk endra organisering i 2012. Fagområdet brann er frå 2012 ein del av kommunal driftseining, medan kommunal beredskap er lagt under rådmannsfunksjonen. I 2012 er det lagt ned betydeleg arbeid med planlegging av brannsikringstiltak av trehusbusetnaden i Undredal.



## Personal/tilsette

<b>Tilsette:</b>	2012	2011	Endring
- Kvinner	23	22	+1
- Menn	17	18	-1
<b>Sum</b>	<b>40</b>	<b>40</b>	<b>0</b>
<b>Sjukefråver:</b>			
Eigenmelding	0,8%	0,7%	+0,1%
Korttid < 16 dagar	0,9%	0,7%	+0,2%
Langtid > 16 dagar	4,4%	5,7%	-1,3%
- <b>Sum</b>	<b>6,1%</b>	<b>7,1%</b>	<b>-1%</b>

Kommunal driftseining har i 2012 hatt ca 40 tilsette i arbeid. og eit samla sjukefråver på 6,1%. Sett i høve til 2011, er dette ein liten nedgang. Kommunal driftseining har ei kjønnsfordeling med 66% kvinner og 34 % menn. Gjennomsnittsalder er 50,5 år.

Tenesteeininga har eit godt arbeidsmiljø utan pågåande konflikhtar.

## Personalressursinnsats

Funksjon	Årsverk 2012	Årsverk 2011	Endring
Administrasjon	- 3,2	- 3,2	-
Plan-byggjesak-oppmåling	- 2,6	- 2,8	- - 0,2
Kommunale eigedomar	- 4,0	- 4,0	-
Kommunale vegar	- 4,8	- 4,8	-
Vatn & avløp-miljø	- 2,2	- 2,6	- -0,4
Reinhold	- 13,5	- 11	- +2,5
Sum årsverk	- <b>30,3</b>	- <b>28,4</b>	- <b>+1,9</b>

Samla ressursbruk er auka med 1,9 årsverk frå 2011 til 2012. Dette skuldast i hovudsak auka vikarbruk i tilknytning til sjukefråver innan reinhold.

## Økonomi:

KOMMUNAL DRIFTSEINING	Buds(end)	Regnskap	Avvik 2012	Regnskap
	2012	2012		2011
<b>Løn</b>	18 825 032	18 277 022	-548 010	319 738
<b>Andre driftsutgifter</b>	17 637 535	22 233 404	4 595 869	1 664 464
<b>Driftsinntekter</b>	-12 893 000	-15 745 245	-2 852 245	-1 428 151
<b>Sum</b>	<b>23 569 567</b>	<b>24 765 181</b>	<b>1 195 614</b>	<b>556 051</b>

Rekneskapen for 2012 for KDE syner eit netto meirforbruk i høve til budsjett på 1 195 613. Dette er ei overskriding av tildelt budsjetttråme på om lag 5%. Sett i høve til rekneskap for 2011 har avviket dobla seg.

Avvika fordeler seg slik:

### Løn:

Post for løn syner ei innsparing i høve til budsjett på ca 550 000. Innsparinga kjem som følgje av at det ikkje er teke inn vikarar i alle sjukefråver.

### Andre driftsutgifter

Posten har eit meirforbruk i høve til budsjett på ca 4,6 mill. Av dette utgjer auka utgifter knytt til drift og vedlikehald om lag 3,3 mill. Utgåande meirverdiavgift er på ca 1,2 mill. Elles er det sett av ca 230 000 til bunde driftsfond (VA gebyr utover 100% inndekking)

Rekneskapen syner at det er manglande samsvar mellom reelt behov for budsjettmidlar knytt til drift og faktiske løyvingar.

### Inntekter

Posten har ein auke i inntekter utover budsjett på ca 2,8 mill. Ca 2 mill skuldast statlege refusjonar i tilknytning til sjukefråver. Elles syner rekneskapen ein husleigesvikt i høve til budsjett på ca 230 000. Årsaka til dette er mellom anna sal av kommunale bustader og kortvarig ledigheit i bustadmassen.

### Oppsummering:

Planarbeid og løpande drift går rimeleg bra. Tenesteeininga løyser dei oppgåvene som ligg til tenesteeininga sitt ansvarsområde. Utdrøiningane framover er å skape samsvar mellom tildelte budsjettmidlar og behov som må stettast for å stanse forfall. Tenesteeininga har i dag eit betydelege etterslep både innan eigedom og infrastruktur elles. Dette fører til at det oppstår akutte hendingar som må løysast, og følgjene av dette vert dårleg kontroll på utgiftssida, fordi planlagde tiltak må utsettast og driftsmidlane må nyttast til strakstiltak.

## TENESTEINING: 900 – Nøytrale inntekter og kostnader

### - Innleing

Her ligg kostnader og inntekter som ikkje er direkte knytte til nokon av dei andre einingane samt fellesutgifter som gjeld alle einingane.

### - Plan for eininga

Mellom dei kostnadane som blir førte her, er tilskot til kyrkja, fellesutgifter (m.a. IKT), PPT – tenesta, arbeidsmiljøutvalet, revisjon og kontrollutval, tilretteleggingstiltak, næringsfondet, Nynorske litteraturdagar og hovudtillitsvald.

### - Personale/tilsette

Dei tilsette som er løna her er:

IKT – ei stilling

Næringsfondet – ei stilling

Hovudtillitsvald – ei stilling

I tillegg ligg det inne stillingar som blir refunderte (ei stilling i hamnevesenet, ei stilling i verdsarv, samt nokre tilretteleggingstiltak som delvis blir refunderte av NAV)

Økonomi	Rekneskap Buds(end)		Rekneskap	Avvik(per.)
900 NØYTRALE INNTEKTER/UTGIFTER	2012	2012	2011	
	10.950.458	10.272.100	10.481.907	678.358

Årsak til avvik mot budsjett ligg hovudsakleg på kostnader til advokatbistand og konsulenthjelp i samband med saker som kom opp i løpet av året.